

Møteinnkalling

Utval:	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad:	Telefon
Dato:	23.01.2014
Tidspunkt:	11:30

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 947 89 126 eller 948 80 564.
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Sekretariatet har arbeidd med ei sak om øvingsplan for Lom Røde Kors, men grunna endringar av planen er ikkje endeleg plan klar og saksbehandlinga har dermed ikkje blitt slutført. Saka kan bli ettersendt dersom endeleg øvingsplan kjem inn tidsnok.

Med helsing

Magnus Snøtun
nasjonalparkforvaltar

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/2014	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 2/2014	Referatsaker		
RS	Informasjon frå DNT - Dugnadsarbeid på rutenettet i fjellet for 2014		2013/8374
RS	Kvittering for levert søknad		2013/7773
ST 3/2014	Delegerte vedtak		
1/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2014 - Delegert vedtak - Løyve til bruk av snøscooter for saueleiting - Jo Øien		2014/25
ST 4/2014	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - delegering til arbeidsutvalet		2013/575
ST 5/2014	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årshjul og møteplan for vår 2014		2014/523
ST 6/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Innsamling av aurskrinneblom (Cardaminopsis petraea) - Astrid Wingler - Department of Genetics, Evolution and Environment University College London		2014/406
ST 7/2014	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - 2014-2016 - Kjentmannskøyering - Luster Røde Kors hjelpekorps		2013/7997
ST 8/2014	Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - 2014-2016 - Snøskuterløyve for transport og tilsyn Vetti og Vettismorki - Vetti Gard Turiststasjon		2013/8895
ST 9/2014	Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - 2014-2016 - Transport av ved, varer og utstyr til Heimre og Fremre Hjelledalen - Vidar Hjelle		2013/8465
ST 10/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Autofil-reportasje i Jotunheimen - Autofil v/ journalist / prosjektkoordinator Stein Inge Stølen		2013/8016
ST 11/2014	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2013 - Ny bru over Blåtjønnåe - DNT Oslo og Omegn / Russdalen Beitelag		2014/190
ST 12/2014	Eventuelt		

ST 2/2014 Referatsaker

Informasjon frå DNT - Dugnadsarbeid på rutenettet i fjellet for 2014

2013/8374

Kvittering for levert søknad 2013/7773

ST 3/2014 Delegerte vedtak

1/2014 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2014 -

Delegert vedtak - Løyve til bruk av snøscooter for saueleiting - Jo Øien

2014/25

Arkivsaksnr: 2013/575-6

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 17.04.2013

Oppdatert: 17.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	10/2013	25.04.2013
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	4/2014	23.01.2014

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - delegering til arbeidsutvalet

Forvaltar si innstilling

Ordlyden i vedtak i sak 10/2013 blir endra til følgjande:

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan/bør gjevast
- Irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak og terrenginngrep vert i utgangspunktet ikkje delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre bygningsmessige tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søkjar har fått løyve tidlegare.

Saker behandla i AU skal refererast for styret i komande møte.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 25.04.2013

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan/bør gjevast
- Dispensasjonssøknader som krev særleg rask avgjerd og som har samfunnsmessig betydning
- Irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak og terrenginngrep vert i utgangspunktet ikkje delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre bygningsmessige tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søkjar har fått løyve tidlegare.

Saker behandla i AU skal refererast for styret i komande møte.

Ny behandling av sak om delegering frå nasjonalparkstyret til arbeidsutvalet:

Etter initiativ frå Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Oppland er sekretariatet bedne om å ta opp sak 10/2013 om delegering til arbeidsutvalet på ny, da det som står i andre kulepunkt er ei uheldig formulering som ikkje burde vore nytta i denne samanhengen. Sekretariatet er samd i at punktet som er attgjeve i kursiv under er unødvendig, og legg fram saka for revidert vedtak. Det kan også vera andre detaljar i delegeringssaka som kunne vore betre formulert, men ein vil uansett ha behov for ein ny gjennomgang av dette spørsmålet når ny verneforskrift kjem på plass, så dette blir teke opp att seinare.

Vedtak i sak 10/2013 hadde følgjande ordlyd, og ein tilrår å stryke kulepunkt 2 (*kursiv*):

«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen delegerer avgjerdsmakta for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan/bør gjevast
- *Dispensasjonssøknader som krev særleg rask avgjerd og som har samfunnsmessig betydning*
- Irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak og terrenginngrep vert i utgangspunktet ikkje delegert, men AU kan i hastesaker likevel kunne behandle mindre tiltak som t.d. fasadeendring og mindre bygningsmessige tilpassingar på eksisterande bygg og anlegg.
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søkjar har fått løyve tidlegare.

Saker behandla i AU skal refererast for styret i komande møte.»

Saksframlegget i sak 10/2013 er attgjeve under, og ingen av argumenta i vurderingane har tilknytning til kulepunktet som ein nå foreslår å stryke:

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret gjorde i sak 5/ 2012 vedtak om samansetnad og arbeidsoppgåver for arbeidsutvalet. Etter eit års utprøving ser ein behov for å sjå nærare på delegeringsvedtaket, og det er naturleg å vurdere dette samstundes med sak om delegering til sekretariatet. Det var ikkje høve til å delegere til administrativt nivå på det tidspunktet AU vart etablert – sjå sak om delegering til sekretariatet og endring av vedtekter.

Gjeldande delegeringsvedtak frå mars 2012 har følgjande ordlyd:

«Inntil vidare delegerer styret avgjerdsmakta for følgjande sakstypar til AU:

- Dispensasjonssøknader der det klart går fram av forvaltningsplanen om løyve kan/bør gjevast, med unntak av irreversible tiltak som f.eks. byggjetiltak.
- Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søkjar har fått løyve tidlegare.»

Oppretting av arbeidsutval er heimla i vedtektene for nasjonalparkstyret for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, punkt 5:

”Styret kan nedsetje eit arbeidsutval beståande av minimum 3 styremedlemmar. Styret kan gi arbeidsutvalet myndigheit til å treffe vedtak etter naturmangfoldlova etter verneforskriftene i enkeltsaker som ikkje er av stor betydning for verneverdiane. Vedtak i arbeidsutvalet skal treffast innanfor ramma av prinsipp fastsett av styret for de ulike saksområda i tråd med naturmangfoldlova/verneforskriftene.”

Vurdering

Formålet med å opprette eit arbeidsutval (AU) er at forvaltinga skal skje så effektivt og smidig som mogleg, jf. brev av 10. august 2010 frå statsråd Erik Solheim. Dette er særleg viktig når det gjeld behandling av søknader om dispensasjon frå verneforskrifta. Etter vedtektene punkt 5, kan styret gje AU myndigheit til å treffe vedtak i enkeltsaker som ikkje er av stor betydning for verneverdiane. AU sine vedtak skal vidare treffast etter prinsipp fastsett av styret for de ulike saksområda i tråd med naturmangfoldlova/verneforskrifta. Gjeldande forvaltningsplan (1998) og forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen NP/Utladalen LV, utdjupar dei enkelte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta og gjev retningslinjer for kva som kan/bør tillatast med utgangspunkt i omsynet til verneverdiane og verneformålet for det einskilde verneområde. Ved vedtak om delegering i 2012 vart det framheva at det *«På eit seinare tidspunkt er det naturleg at nasjonalparkstyret har ein gjennomgang av alle styret sine arbeidsoppgåver og kva for oppgåver styret delegerer til AU.»*

Ein har i året som har gått sett at der har vore mindre bygnings-/anleggsmessige tilpassingar der det har vore nødvendig med rask avklaring, og der saka har vore utan betydning for verneverdiane. Ein bør derfor ha ei viss opning for at AU kan behandle også byggesaker, når dette gjeld bagatellmessige utbetringar utan endra kapasitet eller nye funksjonar i bygga.

Sekretariatet tilrår at gjeldande delegering vert revidert på dette punktet, da det er ressurskrevjande å samle styret for å behandle hastesaker der innhaldet ikkje har prinsipielle sider. Ved delegering vil også etablert praksis på tilsvarande saker som er behandla av styret tidlegare, gje føringar for kva som er rekna som kurante tiltak og om dei kan eventuelt tillatast.

Arkivsaksnr: 2014/523-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 17.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	5/2014	23.01.2014

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Årshjul og møteplan for vår 2014

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyre må møtast jamleg for å kunne behandle dispensasjonssaker og vurdere tiltak . Det bør gjennomførast minst eitt møte med synfaring i verneområdet og elles nokre fysiske møter saman med telefon/videomøte.

Årshjul for nasjonalparkstyret:

- Fysisk møte: April, juni og oktober
- Møte med synfaring: september
- Andre møte: Om lag ein gong i månaden. Varierende styremøte og AU-møte (basert på delegasjonsreglane). Telefon-/videomøte

Møtedatoar (kan bli justert):

- 23. januar
- 26. februar
- 01. april
- 07. mai
- 23. juni

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyre må møtast jamnleg for å kunne behandle dispensasjonssaker og vurdere tiltak . Sekretariatet meiner styret bør gjennomføre minst eitt møte med synfaring i verneområdet og elles nokre fysiske møter saman med telefon/videomøte.

Kort barmarkssesong gjer det utfordrande å gjennomføre synfaringsmøte. Erfaring visar at juni er veldig full av møter før sommarferien og sekretariatet meiner at dette møte må leggst til

september. Det bør også gjennomførast fysiske møte på våren for å planlegge tiltak for kommande sommar og på seinhausten for å samanfatte året samt planlegge kommande år. Tiltaksmidlar vert som regel tildelt i løpet av mars/april. Ein bør prøve å ha fysisk møte for å bestemme endeleg fordeling av tiltaksmidlar, men grunna stengte fjell kan det vere vanskeleg.

Sekretariatet har gått gjennom møtekalendrane til kommunane og fylkeskommunane for å unngå kommunestyremøte, formannskapsmøte, fylkestingsmøte og ulike utvalsmøte. Basert på dette er møtekalenderen til nasjonalparkstyre sett opp for kommande halvår. Datoane er retningsstyrande, men bør settast av allereie nå av styret.

Arkivsaksnr: 2014/406-0
Saksbehandlar: Kari Sveen
Dato: 15.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	6/2014	23.01.2014

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014 - Innsamling av aurskrinneblom (*Arabidopsis lyrata petraea*) og fjellskrinneblom (*Arabis alpina*) - Astrid Wingler - Department of Genetics, Evolution and Environment, University College London

Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Dr. Astrid Wingler – Department of Genetics, Evolution and Environment, University College London – dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 2.1 for innsamling av aurskrinneblom og fjellskrinneblom i tråd med søknad ved e-post av 16.12.13. Løyvet inneber at det er høve til å samle inn samle inn frø og bladmateriale av artane *Arabidopsis lyrata* ssp *petraea* (aurskrinneblom) og *Arabis alpina* (fjellskrinneblom) for forskingsformål.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld frå 2014, i områda framfor Bjørnbreen og Tverråbreen.
- Det skal berre samlast inn det som er nødvendig for dokumentasjon og analysar av dei utvalde artane.
- Uttaket må ikkje vera av slik omfang at det kan medføre fare for at arten kan forsvinne eller få vesentleg tilbakegang på dei utvalde lokalitetane innan nasjonalparken.
- For tilbakemelding til nasjonalparkforvaltninga om resultata av undersøkingane vil ein be om kopi av eventuelle fagrapportar.

Saksopplysningar

Saksdokument

- Søknad / e-postutveksling med Astrid Wingler i tidsrommet 15.11-13 – 16.12.13

Dr. Astrid Wingler ved University College London søker om dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for å samle frø og plantemateriale av aurskrinneblom og fjellskrinneblom i områda framfor Bjørnbreen and Tverråbreen til kartleggings- og forskingsformål. Sjå vedlagde kartreferansar.

Spørsmål ved e-post 15.11.13 frå Astrid Wingler til Jotunheimen Reiseliv vart vidaresendt til Lom kommune og forvaltninga for Jotunheimen. Etter informasjon via e-postutveksling med nasjonalparkforvaltar vart det 16.12.13 lagt fram ein søknad med følgjande ordlyd:

«The Storbreen site we would like to use is indeed outside the national park boundaries. However, if possible, we would also like to do fieldwork on the glacier forelands of the Bjørnbreen and Tverråbreen, which are both within the national park (I have attached maps).

Our fieldwork focuses on studying plant traits in Arabis alpina and Arabidosis lyrata, in particular how these traits change with succession. Most of the traits can be analysed non-destructively. The work includes:

- Counting the number of buds, open flowers and fruits present at a given time point.*
- Recording the size and number of fruits and number of seeds per fruit.*
- Monitoring leaf senescence by measuring chlorophyll content and chlorophyll fluorescence (we can do this without removing leaves from the plants).*

In addition to this, we would like to take seeds from selected plants for further experiments in the lab. If possible, we would also like to harvest leaf material for genetic analysis. I expect that at each site we would choose about 10-20 plants for this kind of sampling»

Det er i stor grad feltarbeid utanom vernegrensa, framfor Storbreen i Leirdalen, men forskarane ønskjer å supplere med eit par lokalitetar innan Jotunheimen nasjonalpark.

Vurdering

Verneforskrifta § 3 pkt. 2 har følgjande hovudregel om plantelivet:

2. Plantelivet

- 2.1. *Alle planter, herunder levande og daude tre og busker, er freda mot skade og øydelegging av alle slag med unntak av slikt som kjem av vanleg ferdsel, reindrift, jakt, fangst, fiske og utøving av bruksrett.*

§ 4 i verneforskrifta omhandlar *Unntak i særskilde høve:*

«Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskapelege undersøkingar, arbeid eller tiltak av vesentleg verdi for samfunnet, eller i særlege tilfelle dersom det ikkje strider mot formålet med vernet.»

Den generelle dispensasjonsregelen i § 4 er erstatta av naturmangfaldlova § 48. Tiltaket skal og vurderast etter §§ 8-12 i lova. § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er *«å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»*

Verneforskrifta stadfestar at det skal innan visse rammer vera rom for forskning. Innsamling av planter for å auke kunnskapen om bestemte artar vil ikkje vera i strid med verneformålet. Tiltaket vil ikkje påverke verneverdiane vesentleg, og det er av stor fagleg interesse å finne ut

meir om floraen i området. I dette tilfellet kan ein oppnå auka kunnskap om særprega artar i område framfor breane. Artane veks både utanfor og innan nasjonalparken, og så langt det er råd bør innsamlinga leggjast til lokalitetar utanfor verneområde. Det er i dette tilfellet berre behov for innsamling av frø og bladmateriale frå 10-20 plantar innan kvar art og lokalitet.

Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 skal leggjast til grunn ved utøving av all offentleg myndigheit. Søknaden blir vurdert slik i forhold til desse prinsippa:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Det er livskraftige førekomstar av aurskrinneblom og fjellskrinneblom i Jotunheimen. Desse to korspanteartane har og stor formeringsevne. Formålet med den omsøkte aktiviteten er å bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget.

§ 9 Føre-var-prinsippet

Ein kan ikkje sjå at der fare for ukjente negative konsekvensar for verneverdiane knytt til innsamlinga av plantematerialet. Ein fagperson vil kunne vurdere kva nivå aktiviteten kan liggje på utan å skade floraen. Artane er livskraftige, og innsamling i det beskjedne omfanget som er skissert vil neppe ha innverknad på førekomstane av aurskrinneblom og fjellskrinneblom.

§ 10 økosystemtilnærming og samlet belastning

Den omsøkte aktiviteten vil neppe gje merkbare konsekvenser for økosystem og verneverdiar.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver


Dette prinsippet blir ikkje rekna som relevant for denne saka.


§ 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Det er ein føresetnad at innsamlinga er avgrensa til det som er nødvendig for registrering og dokumentasjon.

Konklusjon:

Bruken av nasjonalparken til innsamling av planter som ein ønskjer meir kunnskap om, vil ikkje vera i konflikt med verneformålet eller svekke verneverdiane i områda. Tiltaket vil gje auka kunnskap om naturmangfaldet, og er av stor fagleg verdi. Fordelane er klart større enn ulempene. Uttaket må ikkje vera av slik omfang at det kan medføre fare for at arten kan forsvinne eller få vesentleg tilbakegang frå sitt naturlege miljø. Det må leggjast vekt på at det berre blir teke ut det som er nødvendig for registrering og dokumentasjon knytt til den vitenskaplege undersøkinga. Vi vil be om kopi av eventuelle fagrapportar frå undersøkingane.





Arkivsaksnr: 2013/7997-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 15.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	7/2014	23.01.2014

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - 2014-2016 - Kjentmannskøyering - Luster Røde Kors hjelpekorps

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter § 48 i naturmangfaldslova løyve til kjentmannskøyering for Luster Røde Kors Hjelpekorps i samsvar med øvingsplan på følgjande ruter med påfølgjande vilkår i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde:

1. Turtagrø – Skogadalsbøen – Sognefjellshytta – Turtagrø
2. Sognefjellshytta – Fanaråkbreen
3. Turtagrø – Tindeklubbhytta
4. Turtagrø – Soleiebotn – Berdalsbreen
5. Turtagrø – Ringsdalen

Vilkår:

- Nasjonalparkstyret er oppnemnd for inneverande kommunestyreperiode og det er ikkje vanleg å gje løyve som går for langt inn i neste styre sin periode. Løyvet vert der gjeve ut styreperioden, dvs. 2014, 2015 og 2016.
- Tidsrom:
 - o Trase 1 og 2:
 - Inntil 3 turar mellom 1. februar til og med palmelaurdag for kvart av åra.
 - o Trase 3, 4 og 5:
 - Inntil 1 tur mellom 1. februar til og med palmelaurdag for kvart av åra
 - Inntil 2 turar mellom 10. april og 15. mai kvart av åra
- Kjentmannsturar skal ikkje gjennomførast mellom palmelaurdag og 2. påskedag, heilagdag og søndagar.
- Det skal visast generell omsyn til andre interesser og naturverdiar i området.
- Det skal tas særskild omsyn til villreinen i området.
- Etter retningslinjene for kjentmannskøyering, skal lokal redningssentral varsel forvaltninga ved utskriving av køyreordre. For å kunne informere om villreinen i området, skal lokalt SNO varslast per telefon i forkant av kjentmannsturane (tlf. 959 65 158).
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar innan 01. juni kvart år.

Saksopplysninger

Dokument i saka

- Søknad av 20.11.2013, frå Røde Kors avd. Nasjonal Beredskap og Hjelpekorps.
- Uttale frå Luster kommune datert 06.01.2014
- Uttale frå Villreinnemnda for Sogn og Fjordane datert 10.01.2014
- Uttale frå tilsynsutvalet for Jotunheimen og Utladalen i Luster datert 08.01.2014.

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 5. desember 1980
- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Via Røde Kors sentralt, søker Luster Røde Kors Hjelpekorps om kjentmannskøyring i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde frå 2014-2018. Øvingsplanen er sendt til Sogn og Fjordane politidistrikt i tråd med prosessen skildra i «*Retningslinjer om redningstjenestens bruk av snøscooter i utmark og i verneområder*» datert 31.01.2013, men politiet har ikkje avslutta si behandling. Politiet skal vurdere søknaden i forhold til beredskapsmessige behov. Nasjonalparkstyret si vurdering gjeld verneverdiane og har teke utgangspunkt i omfanget som er omsøkt. Dersom øvingsplanen vert utvida, kan det vere behov for å behandle saka etter verneforskrifta på nytt.

Omsøkt øvingsplan listar opp fem ruter for kjentmannskøyring inn mot Hurrungane og Utladalen frå Luster. Det er dei same traseane som vart nytta for kjentmannskøyring i 2013. Av desse er rutene inn Ringsdalen og til Soleiebotn og Berdalen nye frå løyve frå 2009.

I uttale frå tilsynsutvalet for Jotunheimen og Utladalen i Luster er det føreslått å endre tidsrommet for køyring for å unngå den mest sårbare tida. Endringa gjeld å flytte det meste av køyring til april og mai. Denne endringa er diskutert med Luster Røde Kors som meiner dette er ei betring for deira beredskap på grunn av at hovudutfarten i dette området oftast er knytt til mai. Denne justeringa er også formidla vidare til politiet.

Heime!

Etter retningslinjene skal søknad om kjentmannskøyring behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Vurdering

Forvaltningsstyremakta skal etter retningslinjene vurdere søknadane etter første alternativ, «...ikke er i strid med vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig...».

Formålet er definert i verneforskriftene:

Jotunheimen nasjonalpark § 2:

«Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I

nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»

Utladalen landskapsvernområde pkt. III:

«Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.»

Friluftsliv er eit verneformål med begge verneområda og den førebyggjande redningstenesta er viktig for allmennheita si utøving av friluftsliv. Den frivillige delen av redningstenesta er viktig for blant anna fjellredningstenesta. Dei har behov for å gjere seg kjent i område kor det er sannsynleg at dei skal gjennomføre oppdrag, både for å kunne gjennomføre oppdrag på ein effektiv måte og for å sikre eigne hjelpemannskap.

I dei nye retningslinjene frå departementet er det definert eit klart skilje mellom øvingsverksemd og kjentmannskøyring. Øvingsverksemd skal leggjast utanfor verneområda, men redningstenesta er «...til en viss grad være avhengige av mulighet for øvingskjøring og i praksis særlig kjøring for å bli kjent ("kjentmannskjøring")...».

Traseane går inn i eit av dei mest alpine fjellområda i landet og området er utsett for ver og vind. Rundturen Turtagrø – Skogadalsbøen – Sognefjellshytta følgjer i hovudsak kvista løyper, men dei andre traseane er knytt til vanlege turmål, særleg toppturar. Dei tre sørlege traseane (rute 3, 4 og 5) går inn i området Hurrungane som i framlegg til forvaltningsplan er definert som vernesone kor ro, stillheit og urørt natur skal prioriterast. Dette er også ein del av villreinområde for bestanden i Vest-Jotunheimen. Dei to nordlege traseane går i område som er definert som brukszone kor eksisterande tilrettelegging kan oppretthaldast. I øvre del av Utladalen er det mest sannsynleg hekkelokalitet for kongeørn. Kunnskapsgrunnlaget om området er godt (§8 naturmangfaldslova (nml.)).

Behovet for beredskap varierer med aktiviteten i området og må vurderast kontinuerleg. Sogn og Fjordane politidistrikt skal vurdere og godkjent den beredskapsmessige delen av øvingsplanen til Luster Røde Kors Hjelpekorps. Den endeleg godkjente øvingsplanen er dermed definert som naudsynt motorferdsel i verneområdet.

Påverknaden på verneverdiane av motorferdsel varierer både av tid på året, det generelle omfanget og måten motorferdsla vert gjennomført på. Etter føre-var-prinsippet vert det derfor sett vilkår om tidspunkt for gjennomføring og omsynsfull ferdsel. Området Turtagrø og tindane sør for Turtagrø er viktige vinterbeite for villreinen i Vest-Jotunheimen. Vinteren er generelt ei sårbar tid for reinen då reinen går på sparebluss i høve energibruk. I april begynner simlene å trekke sørvestover frå vinterbeite mot kalvingsområde. Desse trekkrutene bør ikkje kryssast når simlene er på veg mot kalvingsområdet. Bukkeflokkane blir framleis gåande i vinterbeite eit par månadar til, men dei er mindre sårbare for forstyrringar. Frå april og utover våren vil det også bli forstyrringar i dette villreinområdet uavhengig av kjentmannskøyringa på grunn av at turfolk kjem inn i aukande grad. For at kjentmannskøyringa skal ha ein funksjon for beredskapen i området, må hjelpekorpsset kunne gjennomføre turane før hovudtyngda av turfolk kjem inn i området. Tilsynsutvalet i Luster meiner at simlene trekker ut i starten av april og meiner det ikkje er naudsynt å unngå køyring i heile april. Tilsynsutvalet føreslår at løyve til kjentmannskøyring på dei tre sørlege traseane vert delt slik at hjelpekorpsset kan køyre ein tur om vinteren og dei resterande turane etter 10. april. Luster Røde Kors hjelpekorps meiner dette er ei betring av løyvet deira fordi dei ønskjer å vere klar i dette område utover våren, særleg til High Camp. I tillegg til vilkår om tidspunkt for kjentmannskøyring i denne delen av verneområdet, er vilkår om omsynsfull ferdsel og varsling/rapportering veldig viktig i dette området. Ved å flytte kjentmannskøyring nærare hovudinnrykket av turfolk, er det også viktig at omsynet til desse brukarane vert vektlagt. Det er ønskeleg at kjentmannskøyringa vert gjennomført midt i veka, men sidan dette er frivillig arbeid, vert det opna for bruk av laurdagen til kjentmannskøyring dersom det er naudsynt. Det vert også sett vilkår om varsling og

rapportering for å kunne bevisstgjere førerane og vurdere det samla omfanget av motorferdsel i verneområda (§9 i nml.)

Som ei vernesone i forvaltningsplanen og som eit viktig vinterområde for villrein, er den samla belastninga på området viktig. Villreinnemnda for Sogn og Fjordane er bekymra for den aukande aktiviteten i fjellområda sør for Turtagrø. Dersom Luster Røde Kors har køyreoppdrag i området utanom, vert det forventa at desse turane i størst mogleg grad erstattar kjentmannskøyringa slik at den samla belastninga ikkje vert for stor (§10 i nml.)

§§ 11 og 12 i nml. er ikkje relevant i denne saka.

Arkivsaksnr: 2013/8895-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 15.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	8/2014	23.01.2014

Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - 2014-2016 - Snøskuterløyve for transport og tilsyn Vetti og Vettismorki - Vetti Gard Turiststasjon

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter pkt. IV, 8 i forskrift om Utladalen landskapsvernområde løyve til motorferdsel til Vetti Gad Turiststasjon v/Berit Vetti for transport av varer og material til Vetti og Vettismorki i Utladalen landskapsvernområde:

- Inntil 30 turar mellom taubana og Vettismorki og transport av ved og varer i stølsområdet. Løyve gjeld ikkje persontransport.
- For transport etter Vettisvegen gjeld reglane datert 17.11.1977
- Ein tur Vettismorki-Fv.53 Årdal-Tyin t/r for service av skuter ein gong i treårsperioden.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet for motorferdsel gjeld for 2014, 2015 og 2016.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilagdag.
- Løyvet gjeld for snøskuter med reg. nr. HV4192 (til Vetti) og reg. nr. JR8670 på Vettismorki.
- Omfanget av skuterbruk skal avgrensast til det som er strengt naudsynt og i størst mogleg grad følgje ein fast trase.
- Transportperiodar mellom taubana og Vettismorki skal varslast til naturoppsyn Rigmor Solem på førehand (mobil 959 65 158).
- Det skal kvart år sendast skriftleg rapport til nasjonalparkforvaltar om gjennomført motorferdsel innan 1.november.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad av 20.12.2013, frå Berit Vetti for Vetti Gard Turiststasjon.

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Søknaden gjeld fornying av løyve til å nytte snøskuter frå Hjelle til Vetti og på Vettismorki. Snøskuteren vert nytta i samband med tilsyn med Vetti gard, transport av varer og utstyr til garden og til taubana, vidare transport frå taubana til stølsområdet og transport av ved i stølsområdet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve fleirårige løyve fleire gonger, sist i 2011. Det siste løyvet er datert 28.01.2011 og inkluderte transport av material og utstyr til garden og stølar og hytter, proviant til turisthytta Ingjerdbu. Grunna reglane for Vettisvegen (datert 17.11.1977) er det ikkje avgrensa tal turar inn til garden, men det er sett eit tal på inntil 50 turar oppe på Vettismorki.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode (verneforskrifta pkt. IV, 8). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfartøy for transport av brensel, proviant og utstyr til hytter (verneforskrifta pkt. IV,8).

Vurdering

I Utladalen er Vetti eit av hovudbruka (utan fast busetnad) og har mange bygningar. Dei fleste bygningane er restaurert og godt vedlikehalde og Vetti turiststasjon har vore drifta i mange år. Til garden ligg også stølsområdet Vettismorki. Her er fleire stølshus som er i privat bruk og Ingjerdbu som er ei open sjølvbeteningshytte. Området vert brukt gjennom heile året og turiststien opp Utladalen går gjennom her. Frå Vetti er det veldig bratt opp første del av stigninga. Her er det etablert ei taubane for transport av varer. Utladalen er frodig og oppe på Vettismorki er det blant anna gamal furuskog og gaddar. Området har blant anna ein kjent hekkelokalitet for kongeørn (§8 i naturmangfaldslova (nml.)).

Forvaltningsplanen presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men noko er naudsynt. Aktivitet på Vetti og Vettismorki er med på å ta vare på bygningane og kulturlandskapet generelt. Ordninga med transport med taubane og snøskuter har vorte innarbeida over fleire år. Det er også vanleg å bruke skuter til å samle saman ved til alle stølshusa/hyttene på Vettismorki. Søkjar har rapportert bruk av skuter regelmessig i samsvar med tidlegare løyve. Rapportane viser at det ikkje har blitt brukt så mange turar som løyve opnar for, men har variert mellom 14 og 30 på Vettismorki dei siste åra. Med utgangspunkt i den erfaringa som desse rapportane gjer, vert det føreslått å sette talet på turar til 30 på Vettismorki. Langs Vettisvegen regulerer reglane som vart vedteke av Årdal kommune 17.11.1977 bruken og opnar for motorferdsel til næringsføremål.

Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg i verneområdet. Det er derfor viktig at transporten vert planlagt og koordinert slik at han vert gjennomført så effektivt som mogleg. Erfaringar med tidlegare løyve er gode og sekretariatet meiner at ein skal vidareføre dette. Det vert understreka at motorferdsel skal avgrensast og at løyve ikkje gjeld persontransport, både på Vettisvegen og til Vettismorki.

Mange bygningar gjer at ein må rekne med noko vedlikehald, men større restaureringsarbeid på bygningsmassen krev som regel eige løyve og då vert det samtidig gjeve løyve til transport knytt til dette.

For å unngå mest mogleg forstyrring på dyrelivet skal transporten haldast på ein fast trase. Dette er eit føre-var-vilkår slik at ein i størst mogleg grad hindrar mogleg negativ påverknad på hekkelokaliteten (§9 nml.).

Sekretariatet meiner ordninga med transport til Vetti og Vettismorki er fornuftig og løyve vert vidareført. Motorferdsel i verneområde skal haldast på eit minimum og krev planlegging. Under føresetnad av at transporten vert godt planlagt og dermed gjennomført på færrast mogleg turar, vert den samla belastninga av motorferdsel i området vurdert som akseptabel og transportmetodane fornuftige (§§ 10 og 12 i nml.). Særskilde transportbehov knytt til restaureringsprosjekt vil bli behandla ved behov. §11 i nml. er ikkje relevant for denne saka.

Arkivsaksnr: 2013/8465-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 15.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	9/2014	23.01.2014

Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - 2014-2016 - Transport av ved, varer og utstyr til Heimre og Fremre Hjelledalen - Vidar Hjelle

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter pkt. IV, 8 i forskrift om Utladalen landskapsvernområde løyve til motorferdsel til Vidar Hjelle for transport av varer og material til stølane i Hjelledalen i Utladalen landskapsvernområde:

1. Inntil 3 dagar årleg i samband med transport av ved rundt Fremre Hjelledalen
2. 1 tur/retur til Fv. 53 Tyin-Årdal i løpet av løyveperioden for vedlikehald av snøskuter langs kortaste sikre trase.
3. Inntil 1 hiv årleg til kvar av stølane i Hjelledalen med helikopter for transport av varer og material.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet for motorferdsel gjeld for 2014, 2015 og 2016.
- Løyvet gjeld ikkje søndagar og heilagdag.
- Løyvet gjeld for snøskuter med reg. nr. XX9795 og for månadane februar, mars og april.
- Snøskuter skal lagrast inne i løa på Fremre Hjelledalen.
- Omfanget av skuterbruk skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
- Løyve for bruk av helikopter gjeld perioden frå juni til og med november.
- Tidspunkt for motorferdsel etter pkt. 1-3 skal varslast til naturoppsyn Rigmor Solem (mobil 959 65 158 eller e-post) seinast dagen før.
- Det skal kvart år sendast skriftleg rapport til nasjonalparkforvaltar om gjennomført motorferdsel innan 1.november.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad av 24.11.2013, frå Vidar Hjellev.

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Søknaden gjeld fornying av løyve til å nytte snøskuter og helikopter i Hjelledalen. Snøskuteren vert nytta i samband med transport av ved rundt stølane. Det er også behov for ein tur i heile perioden frå Hjelledalen til Fv. 53 Tyin-Årdal for vedlikehald av skuter. Søknaden gjeld også helikoptertransport i samband med restaurering/-vedlikehald av stølane.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjeve fleirårige løyve i 2005, 2008 og 2011. Det siste løyvet er datert 07.02.2011 og inkluderte vedtransport i 2 dagar og 1 helikopterhiv til kvar av stølane for kvart av åra i tillegg til ein tur/retur til Tyin for vedlikehald skuter.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er motorferdsel og landing med luftfartøy forbode (verneforskrifta pkt. IV, 8). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfartøy for transport av brensel, proviant og utstyr til hytter (verneforskrifta pkt. IV,8).

Vurdering

I Hjelledalen er det to stølar, Heimre Hjelledalen og Fremre Hjelledalen. Dei fleste bygningane er restaurert og godt vedlikehalde av grunn- og stølshuseigarane. Området vert brukt av grunn- og stølshuseigarane gjennom heile året. Frå Utladalen er det veldig bratt opp første del av stigninga opp til Heimre Hjelledalen. Her er det etablert ei taubane. Hjelledalen ligg over garden Hjellev og er ein sidedal til Utladalen. Dalen er frodig med viktig viltlokalitetar og blant anna ein kjent hekkelokalitet for kongeørn (§8 i naturmangfaldslova (nml.)).

Forvaltningsplanen presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men noko er naudsynt. Aktivitet på stølane er med på å ta vare på bygningane og kulturlandskapet generelt. Den gamle løa på Fremre Hjelledalen vert brukt som skjul for skuteren og ordninga med intern transport oppe i Hjelledalen har vorte innarbeida over fleire år.

Søkjær har levert inn rapport om motorferdsel kvart år. I følgje rapportane er skuteren brukt meir enn omfanget av løyvet siste året. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg i verneområdet. Det er derfor viktig at vedtransporten vert planlagt og koordinert slik at han vert gjennomført så effektivt som mogleg. I følgje søkjær er det vanskeleg å koordinere vedkøyring for alle som har stølshus på Fremre Hjelledalen på to dagar. Felles vedkøyring er betre enn fleire skuterløyve eller transport av ved med helikopter. Sekretariatet meiner det reelle behovet er noko større enn tidlegare føresett i løyva og at framleis er akseptabel belastning i området. Det vert forventa at søkjær vidare held seg innanfor rammene i dette nye løyve gjennom god planlegging.

Helikoptertransport er ofte ei effektiv måte å transportere varer og material på i bratte vestlandslirer. I den siste perioden har Hjellev hatt løyve til 1 hiv til kvar av stølane kvart år. Det vert nå søkt om inntil 2 hiv per år for frakt av material. Noko vedlikehald må ein rekne med mange bygningar på fjellet, men større restaureringsarbeid på bygningsmassen krev som regel eige løyve og då vert det samtidig gjeve løyve til transport. Kombinert med taubane opp den

brattaste delen av vegen og intern vedtransport, bør 1 hiv til kvar av stølane dekke behovet for transportbehovet.

Sidan dette er årleg transportbehov som kan planleggast på førehand, vert det sett vilkår som avgrensar tidsrommet for gjennomføring av helikoptertransporten. Dette er eit føre-var-vilkår slik at ein i størst mogleg grad hindrar mogleg negativ påverknad på hekkelokaliteten (§9 nml.).

Sekretariatet meiner ordninga med intern transport i Hjelledalen er fornuftig og løyve vert i hovudsak vidareført. Motorferdsel i verneområde skal haldast på eit minimum og krev planlegging. Ved å planlegge slik at mest mogleg vert gjennomført på kvar transportdag/hiv vert den samla belastninga av motorferdsel i området vert vurdert som akseptabel og transportmetodane fornuftige (§§ 10 og 12 i nml.) Særskilde transportbehov knytt til restaureringsprosjekt vil bli behandla ved behov. §11 i nml. er ikkje relevant for denne saka.

Arkivsaksnr: 2013/8016-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 26.11.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	10/2014	23.01.2014

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 -
Autofil-reportasje i Jotunheimen - Autofil v/ journalist og
prosjektkoordinator Stein Inge Stølen****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i § 5.1 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark avslår
Nasjonalparkstyret søknad frå Autofil v/ Stein Inge Stølen om dispensasjon for
motorferdsel i samband med filming av eit program i serien *Autofil*.

Grunngjeving:

Produksjon av eit program om bilkjøring innan verneområdet vert vurdert å falle utanom
det ein har heimel for å tillate i medhald av naturmangfaldlova § 48, som føreset at
tiltaket ikkje skal vera i strid med verneformålet eller vere grunngjeve med vesentlege
samfunnsinteresser. Eit underhaldningsprogram med tema bilkjøring vil vera heilt på
kollisjonskurs med verneforskrift, forvaltningsplan og profil for nasjonalparken – der det
i utgangspunktet er forbod mot bruk av motoriserte framkomstmiddel.

Tiltaket vert vurdert å ha svært avgrensa, eller kanskje til og med negativ
marknadsverdi, da det vil vise ein heilt annan aktivitet enn det forvaltninga og reiselivet
i området profilerer seg på. Samfunnsnyttan vert såleis vurdert som minimal, og
unødvendig motorferdsel vil vera i strid med verneforskrifta og naturmangfaldlova.
Det ligg såleis ikkje føre noko grunnlag for å gje løyve i medhald av naturmangfaldlova
§ 48 for bruk av motoriserte kjøretøy med det formålet som er skissert i søknaden.

Saksopplysningar

Journalist og prosjektkoordinator Stein Inge Stølen i Autofil Magasin / Autofil TV

søker om løyve til motorferdsel innan Jotunheimen nasjonalpark for produksjon av eit TV-program i serien Autofil. Han viser til at dei er i gang med å spela inn ein hilt ny sesong av Autofil på TV, som skal bli svært annleis frå det «gamle» programmet. Det skal visast 10 episodar på MAX / TVNorge til våren, der kvar episode vil vare i ein time.

Utdrag av søknaden:

«- - - Me har tenkt å bevege oss vekk fra austlandet og vise sjåarane kor flott norsk natur faktisk er.

For oss handler bilkøyring like mykje om naturopplevelsen på køyreturen, som sjølve bilen. Me har allerede filma innslag på Dovrefjellet og på Golsfjellet, og no vil me gjerne til Jotunheimen. I 1928 køyrde Erik Cederwall-Larsen opp til toppen av Galdhøpiggen i ein beltedreven Morris (video kan sjåast her: <http://www.youtube.com/watch?v=C00CWU0ZHm8>).

Denne pionér-ånden er jo typisk norsk, og me er interessert i å hylle den i eit innslag i TV-programmet. Me veit at det eksisterer mange begrensninger i forhold til ferdsel i utmark med motorisert køyretøy. Men kva kan me få til i Jotunheimen?

Filminga til denne sesongen foregår på vinteren, så all potensiell køyring i Jotunheimen vil derfor vere på snøføre.

Me har ein draum om å prøve å gjenskape deler av turen som Cederwall-Larsen foretok i 1928.

Alternativt kan me begi oss ut på ein utfordring, denn kan vere som følger: Er det mogleg å komme oss over 2000 meter med bil? Berre turen opp til Djupvasshytta (Noregs høgaste køyrbare veg) er spektakulær nok til å bli god TV.

For å få dette til, må me naturlegvis ha godkjenning fra fylkesmannen. Dette vil i så fall også framgå tydeleg i innslaget, me må understreke at all ferdsel i freda natur i utgangspunktet er strengt forbode.

Eg meiner at dette er ein fin moglegheit til å vise Jotunheimen i eit nytt og annleis lys. Eg er sjølv frå Årdal i Sogn og tykkjer at alt for lite av vår flotte fjellnatur blir vist i slike TV-program. Me vonar at det kan vere av interesse å samarbeide med oss for å få til dette innslaget. - - -»

Verneforskrift og forvaltningsplan

Verneforskrift:

Verneforskrifta for Jotunheimen NP set i utgangspunktet forbod mot motorferdsel – jf. § 5.1: «Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, oppsyns-, forvaltnings- og politiformål.»

Den generelle dispensasjonsheimelen i pkt. 5.3.4. om «Køyring i andre naudsynete tilfelle der særlege grunnar ligg føre» er erstatta av naturmangfaldlova § 48 da denne lova vart sett i kraft. § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»

Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast etter høyring, 2008):

Om friluftsliv står m.a. følgjande:

«Områda må da forvaltast slik at det og i framtida kan vere mogleg å oppleve ro, stillheit med naturen sine egne lydar og urørt natur når ein går fotturar, skiturar eller driv jakt og fiske.»

Kap. 4.4. – Strategiar viser følgjande når det gjeld motorferdsel:

«Verdiar knytt til urørt natur, ro og stillheit skal sikrast. Unødig motorstøy skal unngåast»

Forvaltningsplanen inneheld føringar for *Dispensasjonspraksis* i kap. 8.15.5. Når det gjeld løyve til filmopptak/media står mellom anna følgjande på side 91-92: «Med bakgrunn i verneforskriftene bør utgangspunktet for motorferdsel vere ein streng dispensasjonspraksis. Følgjande vilkår vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsel:

h) løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel til å dekkje nyhende som blir vurdert som viktige.»

Vurdering

Det er nok fullt mogleg å kopiere handlinga med bil på Galdhøpiggen i samsvar med den gamle filmsnutten frå 1928, men dette var ein enkeltstående og artig kuriositet som ikkje har nokon samband med historisk bruk eller bruken ein ønskjer å fremme etter at området vart verna.

Aktiviteten vil ikkje setja varige spor på vinterføre, men motorferdsel er i strid med verneforskrifta. Ønsket om lage eit program om bilkjøring i Jotunheimen vil vera i konflikt med verneformålet, og marknadsverdien av eit slik program kan vera meir negativ enn positiv. Programmet kan nok appellere til andre grupper enn dei som brukar parken i dag, men vil ikkje spreie kunnskap om verneområdet eller motivere til det enkle og tradisjonelle friluftslivet som er eit sentralt element i bruken av nasjonalparken. Det er fullt mogleg å vise den flotte naturen i Jotunheimen frå område som er tilrettelagt med bilveg – mellom anna til Juvasshytta (som også er nemnt i søknaden).

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av området opp mot Galdhøpiggen er godt. Området er viktig for friluftsliv og naturbasert reiseliv, og ein har heile tida prøvd å halde omfanget av motorferdsel på eit minimum, ved berre å tillate nyttetransport. Dette er med og profilerer området som arena for å oppleve stillheit og ro.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, og lista for å gjera unntak frå det generelle motorferdselforbodet må liggje høgt. Det er mange aktørar som har interesse av å bruke Jotunheimen, og ein må følgje ein streng praksis for å unngå stor pågang frå ulike aktørar som ser reklameverdi i å gjera filmopptak i nasjonalparken.
- Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyring, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel i nasjonalparken, og berre tiltak av stor samfunnsmessig nytteverdi kan gje grunnlag for å gjera unntak frå verneforskrifta når det gjeld tiltak i strid med verneformålet.
- § 11 om at «kostnadene ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshaver» er lite relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Planlagt filmproduksjon har motorisert ferdsel som attraksjon, og det er dermed ikkje relevant å vurdere løysingar utan bruk av motoriserte framkomstmiddel.

I andre saker om bruk av motoriserte hjelpemiddel til filmopptak er det sett som vilkår at scenene som blir spela inn ikkje viser motoriserte framkomstmiddel og at innspelingane kan profilere nasjonalparken og reiselivsdestinasjonen på ein positiv måte. T.d. ved behandling av søknad om filmopptak til programmet Lillyhammer i sak 2/2013 vart det vist til følgjande: «Filmopptak som blir vist i produksjonen Lillyhammer skal ikkje vise motoriserte framkomstmiddel, men formidle ei hending som skjer langt inne i villmarka.»

For programmet Autofil er det nettopp bilkjøring som er tema, og dei innarbeidde vilkåra frå tidlegare saker om filmopptak vil dermed ikkje vera relevante.

Forvaltningsplanen føreset at denne typen innspelningar skal skje utanom verneområde, og eit program som har motorferdsel som tema er ikkje eigna for å vise naturen i nasjonalparken. Dersom ein skal opne for aktivitetar med filmopptak innan verneområdet, må ein vektleggje aktivitetar som det er lov å utøve innan nasjonalparken.

Konklusjon:

Filming av ein bilkjøring i nasjonalparken kan ikkje knytast til formål med vernet, og det vil gje ein svært uheldig signaleffekt å opne for slik aktivitet – uavhengig om det blir presisert i programmet at aktiviteten er forboden utan særskild løyve. Tiltaket vert vurdert å vera i strid med verneformålet og dei overordna måla for verneområdet gjevne i forvaltningsplanen. Ein kan på grunnlag av dette ikkje sjå at det kan vera heimel for å gje løyve i medhald av naturmangfaldlova § 48 til produksjon av eit program om bilkjøring innan verneområdet.

Arkivsaksnr: 2014/190-0
Saksbehandlar: Kari Sveen
Dato: 09.01.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	11/2014	23.01.2014

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2013 - Ny bru over Blåtjønnåe - DNT Oslo og Omegn / Russdalen Beitelag

Forvaltar si innstilling

DNT Oslo og Omegn får med heimel i Naturmangfaldlova § 48 løyve til riving av eksisterande hengebru og oppføring av ny fast bru ca 500 meter nedanfor eksisterande bustad. Det blir samstundes gjeve løyve til omlegging av ruta på den aktuelle strekninga, for tilpassing til nytt kryssingspunkt over Blåtjønnåe. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008).

Omsøkt riving og nyanlegg i same området blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Landskapsmessig vil den nye brua ikkje gje vesentleg annan innverknad på landskapet enn eksisterande bru som skal fjernast. Det er ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at samla transport og øvrig miljøbelastning blir redusert til eit minimum. Alle restar etter den gamle brua skal demonterast og fraktast ut i samband med slutføring av den nye brua.

Saksopplysningar

DNT Oslo og Omegn søker tilrettelegging med ny bru over Blåtjønnåe nord for Russvatnet. Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt med Russdalen Beitelag, som har sett behov for ei betre bru for å kunne nytte beiteområdet vest for Blåtjønnåa. Dagens hengebru (vedlegg, bilete) fungerer ikkje i høve til beitedyr, og kan også vera svært utfordrande å krysse for dei som har med hund eller barn. DNT ser såleis utskiftinga som ein fordel også i høve til turfolk sine behov. Det er i utgangspunktet tenkt ei utleggsbru med ca 1,5 m bredde på gangbane og rekkverk på begge sider, av same type som ei bru dei har fått sett opp i nærleiken av Rondvassbu (bilete). Den nye brua

er tenkt plassert ca 500 meter nedanfor den eksisterande brua, og tiltaket vil såleis også innebære ei mindre rutejustering på strekninga Glitterheim – Memurubu.

Bruansvarleg Thomas With i DNT skriv følgjande om det planlagde tiltaket:


« - - - Brua ligger på stien mellom DNT hytta Glitterheim og Memurubu. Dette er en godt trafikkert rute i hjerte av Jotunheimen. Ruta krysser elver på to steder, over Øvre Russglopet og over Blåtjørnåa. Over Øvre Russglopet ble den gamle brua skiftet ut i fjor til ny metallbru med rekkverk på en side. På krysningsstedet over Blåtjørnåa er det i dag en standard DNT hengebru med spenn på ca 20 meter. Elva går nedi et dypt gjel og er til tider meget stri. Krysningsen kan for mange vandrere virke utrygg. Særlig for de med hund eller barn på tur, eller de som ikke har så lang erfaring med å gå i fjellet. Denne delen av Jotunheimen er for mange det første møtet med fjellvandring.

Krysningspunktet over Blåtjørnåa er etter vår risikovurdering i kategorien «liv kan gå tapt om noen faller i elva». Dette var også dessverre tilfelle for noen år siden da en mann datt i elva på dette stedet. Historien er imidlertid kun bekreftet muntlig og sommerbrua skal ha vært tatt inn for vinteren. Om ikke liv går tapt kan fine tur- og naturopplevelser ødelegges av angsten ved å krysse en stri elv på lang, luftig og svaiende bru.

Russdalen Beitelag har kontaktet oss for å få til et samarbeid om en ny bruløsning på stedet. Deres ønske er å kunne utnytte beiteområdene på begge sider av elva, selv når elva er så stor at kryssning i strandsonen nede ved Russvatnet er vanskelig. Deres planer for bru åpner for en sikrere løsning for oss.

Den planlagte brua er en tradisjonell utleggsbru i tømmer og stein uten bruk av stål, med unntak av dekket som festes ned med spiker. DNT Oslo og Omegn fikk bygget en tilsvarende bru ved Rondvassbu i Rondane Nasjonalpark i fjor sommer. SNO bidro med midler og Stokk & Stein i Lom bygget. - - - Russdalen Beitelag v/Hans Petter Vaberg og Stokk & Stein v/Halvor Dalen befarte brustedet høsten 2012. Ulike krysningspunkter og konstruksjoner ble vurdert. Det er planlagt ny befaring i juni i år, fortrinnsvis etter større regnskyll, som kombinert med snøsmelting viser elva på det største.»

Kartutsnitt viser eksisterande stigtrasé, og sirkelen viser ca. område for ny bru:



Nasjonalparkstyret har ved tildeling i bestillingsdialogen 2013 vald å støtte dette fellesprosjektet, men tiltaket krev i tillegg dispensasjon frå verneforskrifta. Det vil også koma søknad om motorferdsel for materialtransport m.m. frå entrepenør.

Verneforskrift, vedteken og sett i kraft i 1980, sist endra ved FOR-2004-11-16-1493: Forskriftas § 3 pkt. 1 *Landskapet seier at «Landskapet skal vere verna mot tekniske inngrep av alle slag, herunder veg- og jernbanebygging, bergverksdrift, massetak, vassdragsregulering, framføring av luftleidningar, taubaner, heisar, flyplassar o.l. og mot oppføring, utviding eller ombygging av bygningar og anlegg av alle slag.»* Pkt. 1.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkelte nærare definerte tiltak, m.a.:
"1.3.2. Merking av ei rimeleg mengd turistruter og -løyper og oppsetjing av vegvisarar når det skjer på ein måte som ikkje verkar skjemmande eller dominerande i terrenget."

Byggverk som bruer/klopper er ein naturleg del av stignettet, men desse tiltaka må etter den gjeldande forskrifta behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4 (*Unntak i særskilde høve*) som nå er avløyst av Naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsplan, forslag oversendt direktoratet for godkjenning i 2008:

Området ligg i brukssone, og forvaltningsplanen seier m.a. dette om denne kategorien:

- *«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*
- **«Overordna strategi for sona:**
Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endingar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). Auke i overnattingskapasiteten ved hyttene vil bli vurdert i høve til verknaden på naturmiljøet og som følgje av auke over lang tid. Det skal ikkje skje ytterlegare tilrettelegging for ferdsel til dei sentrale delane av brukssona.»
- *«Vedlikehald av eksisterande stiar med merking, skilt, bruer og liknande er tillate (framlegg verneforskrift § 3.1.2b NP, § 3.1.2c LVO). Fylkesmannen kan gi løyve til merking av nye stiar, skilt, vegvisarpilar og bygging av bruer (framlegg verneforskrift § 3.1.3 NP og § 3.1.3 LVO)»*
- *«Bruer over elver langs T-merkte stiar er eit viktig tilretteleggings- og tryggleikstiltak. Pga meir ekstremt ver dei seinare åra har ein til tider større vassføring enn før. Friluftsliv i fjellet har dessutan tiltrekt seg nye brukargrupper som har mindre ferdigheiter i å krysse elvar.»*
- **«Retningslinjer:**
Tilrettelegging for ferdsel skal ta strenge omsyn til naturverdiane. Merking av fotturruter skal følgje Merkeinstruksen (utarbeidd av DN og DNT). Vegvisarar skal vere nøkterne og lagast i naturmateriale. Det skal takast omsyn til fauna og flora ved merking av stiar. Bruer vil få løyve langs T-merkte stiar der dette er naudsynt. Bruer skal vere i diskret material- og fargeval og med ei utforming som gjer at dei går best mogleg inn i terrenget. Den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruer m.m., har også ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket.»

Vurdering

Tiltaket vert vurdert å vera i tråd med forslag i forvaltningsplanen, som opnar for tilrettelegging for ferdsel gjennom merking av stigar, og opning for å gje løyve til bygging av nye bruer *«langs T-merkte stiar der dette er naudsynt»*. I dette tilfellet gjeld det utskifting av eksisterande installasjon, og den nye brua blir ikkje vurdert å vera meir skjemmande i landskapet enn dagens bru som er planlagt fjerna.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer i tilknytning til merka tursti.

§ 9 Føre-var prinsippet: Det omsøkte tiltaket er ei erstatning av etablert tilrettelegging, og ein kan ikkje sjå at dette vil gje merkbar meirbelastning på naturmiljøet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til byggjetiltak, og det omsøkte tiltaket gjeld utskifting av ein eksisterande installasjon. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene, ved at den nye brua vil fylle fleire formål.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er ein føresetnad at transport av byggevarer og utkjøring av rivingsmaterialar blir planlagt godt for å unngå unødig kjøring innan verneområdet.

Konklusjon:

Verken utskifting av eksisterande bru eller omlegginga av stigen vil gje vesentlege negative konsekvensar for naturmangfaldet eller for landskapet. Det er ein føresetnad at tiltakshavar har ein gjennomføringsplan som sikrar at motorisert transport innan verneområdet blir redusert til eit minimum.

Søknaden skal også behandlast av kommunen, som forvaltningstyresmakt etter plan- og bygningslova.

Representant for Nasjonalparkforvaltninga, Vågå fjellstyre og Vågå kommune bør inviterast med på synfaringa som er planlagt i juni med forventa høg vassføring.



